



Aktørane på den flotte gospelkvelden vert takka. Vi ser Hobbyklubbleiarane T. Mathiesen, J. H. Kjærland og O. Heimark heilt t.v. saman med soknerådsleiar S. Haugland(Foto: J. O. Fagerheim)

Under den vellukka gospelkvelden i Uskedal kyrkje fredag fekk soknerådet overrekt ei stor gåve frå Hobbyklubben i bygda. Det var eit lydanlegg med høgtalarar, miksepult og kablar til ein verdi av 25.000 kr. I tillegg vart fleire andre nyvinningar tekne i bruk denne flotte fredagskvelden.



Primus motor Tore Mathiesen pakkar saman kablar etter at arrangementet er ferdig.

Den entusiastiske leiaren i Hobbyklubben, Tore Mathiesen, hadde sett at det var behov for nytt lydanlegg i Uskedal bedehus. Han såg også at det i tillegg til vanleg bruk på tilstellingar, kunne verta eit nytt tilbod til ei gruppe i Hobbyklubben. Denne vinteren har konfirmantane lært seg å bruka og styra lydanlegg.

Då Tore hadde ordna med og søkt om midlar til innkjøp, kom han over eit anlegg med svært mykje utstyr som var litt brukt, til ein gunstig pris. Dermed vart alt utstyret kjøpt. Etter at noko av dette var montert i hovudsalen i bedehuset, var det mykje utstyr til overs. Styret for Hobbyklubben bestemte at dei ville tilby dette til soknerådet til bruk i kyrkja. Denne flotte gåva, eit komplett lydanlegg, vart formelt overrekt under gospelkvelden.

Gåva stettar eit svært etterlengta behov i kyrkja. Det er ofte bruk for lydanlegg. Dette har ofte vore tema på soknerådsmøta, og derfor kjøpte soknerådet seg inn i eit anlegg for bygda for nokre år sidan. No får ein utstyr stasjonært i kyrkja. Det lettar bruken. Dette var noko av det soknerådsleiar Svanhill Haugland la vekt på då ho takka for den kjærkomne gåva.

- Vi er veldig takksame for den flotte gåva. Vi er også svært glad for det gode samarbeidet med Hobbyklubben som m.a. har resultert i arrangementet av denne flotte kvelden, avslutta soknerådsleiaren.

Lydanlegget har tidlegare vore nytta av Tårnagentkoret under konsert i kyrkja.



Soknerådsmedlemmene Ove Myhre og Møyfrid Kristoffersen i gang med å varma pølser i den nye kjøkenkroken. Ove har stått i bresjen for arbeidet med dette arbeidet. (Foto: Eli R. Eik)

Det var meir nytt som vart teke i bruk i kyrkja denne kvelden. Salmane til allsongen vart vist på 'storskjerm' ved hjelp av nyinnkjøpt videokanon. Dessutan vart pølsene som vart servert, varma i ny kjøkenkrok som er montert i dåpssakrestiet. Kjøkenbenken med tilhøyrande skap er bygt tilpassa plassen og malt i tilpassa fargar av Sunde Snekkeri. Her er det no mikrobølgeovn, kokeplater, vannkokar og kjøleskap. Det vert også kjøpt inn noko bruksutstyr. Det skal også koma eit stellebord som kan slåast opp i dåpssakrestiet.

Desse nyvinningane gjer kyrkja meir praktisk og brukarvennleg ved mange arrangement.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Jan Ove Fagerheim, Eli Roseth Eik og Thor Inge Døssland